

Hei Gro;

Vi syner til dialog om å medverke med fakta i eit dokument som skal brukast som underlag for ei folkerøysting på Bjørke i spørsmålet om grensejustering.

Vi har kika på Faktaunderlaget som du har oversendt og drøfta det internt. Rådmannen i Volda har uttrykt at Volda kommune kan avgi fakta. Utkastet som er oversendt er eit verbalt notat kombinert med ein del fakta. Administrasjonen i Volda finn etter nærmere gjennomgang og vurdering av saka det som både vanskeleg og heller ikkje rett å delta i utarbeidning av eit verbalt underlag som grunnlag for folkerøysting blant innbyggjarar i Ørsta kommune.

Det kan sjå ut som at Volda kommune kanskje oppfattar prosedyren om grensejustering noko annleis enn slik det er lagt opp til her. Etter §8 i Inndelingslova er det nok at **ein** innbyggjar eller grunneigar i dei kommunane det gjeld kan søkje om at det skal setjast i gang **utgreiing** om grensejustering. Også næringsdrivande med registrert forretningstad der kan søkje. Ein søker såleis ikkje om grensejustering, men om at det skal setjast i gang **utgreiing** om grensejustering. Kommunane eller grendelaget kan såleis heller ikkje binde eventuelle initiativtakrar til ikkje å fremje søknad om utgreiing for fylkesmannen.

Det er såleis Fylkesmannen eller departementet som avgjer om det skal setjast i verk utgreiing og som såleis tek stilling til omfang av utgreiinga. Etter vår oppfatning er det såleis i den fasen at kommunale, fylkeskommunale og statlege forvaltningsorgan skal gje naudsynte opplysningar. Til orientering har Hornindal kommune motteke skriv frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane der kommunen skal gjere greie for verknadene av ei eventuell grensejustering. Stryn kommune har fått tilsvarande brev der fylkesmannen ber Stryn kommune gjere greie for fakta på dei område det er **naturleg** at kommunen uttalar seg. Ein ser det difor slik at Hornindal og Volda kommunar ved ei eventuell utgreiing vil kome med si fråsegn i samband med saksutgreiinga.

Elles tek Volda kommune til etterretning den måten Ørsta kommune og Bjørke grendelag har planlagt å leggje opp prosessen.

Pr. dato og fram til 01.01.2020 er vi framleis to kommunar (Hornindal og Volda) og i den prosessen som skjer fram mot kommunesamanslåinga må vi ta stilling til alle dei avtalane kommunane har, også dei interkommunale avtalane. Kommunale tenester er regulerte gjennom ulike særlover og forskrifter. Hovudregelen er som du skriv at kommunen gjennom desse har plikt til å tilby tenester til eigne innbyggjarar. Dei som er innbyggjarar på Bjørke i dag får tilbod om kommunale tenester frå Ørsta kommune. Dersom det vert ein prosess som ev skulle ende med at Bjørke vert overført til nye Volda kommune, vil innbyggjarane få tilbod om kommunale tenester frå nye Volda kommune.

Sjølv om Volda kommune ikkje ser det som rett å gjere felles utgreiing saman med Ørsta kommune om eit underlag for folkerøysting blant innbyggjarar i eit grendesamfunn i Ørsta, så vil vi stille oss opne for Ørsta kommune å kunne innhente faktaopplysningar utover det som er tilgjengeleg i offentleg tilgjengeleg statistikk. Volda kommune vil møte på folkemøte 27. september å svare på spørsmål frå møtelyden så langt råd er.



Mobil 97515225  
[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)